



Beitelaga adresseliste (epost)

Saksbehandlar, innvalstelefon

Randi Erdal, 5764 3073

Kari Elsa Des Bouvrie, 55 57 20 22

Hermund Mjelstad, 57 64 31 24

Rune Mikkelsen, 55 57 21 81

Informasjonsbrev til beitelaga våren 2019

Her kjem informasjon som vi håpar er nytting for beitelaga i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Tilsynsliste/rapportskjema

Vedlagte skjema kan nyttast for å få inn opplysningar om beitesesongen. Det er krav om tilsyn i beiteområdet minst ein gong pr. veke. Det er fint om leiaren i beitelaget sender dette ut til sine medlemmar, og får desse attende før søknad om driftsmidlar. Styret i laget skal rapportere inn ei samla oversikt.

Det er berre tal tapte dyr på utmarksbeite som skal inn i statistikken for Organisert beitebruk. Det vil sei at tap inne og på vår- og haustbeite ikkje skal takast med. For å lukkast best mogeleg med tapsførebyggjande arbeid, er det viktig med ei mest mogeleg fullstendig oversikt over tapsårsakene. Det er såleis viktig at kvar bonde melder inn både sikre og trulege tapsårsaker for sin buskap.

Freda rovdyr status 2019

Det er felt to jervar i Sogn og Fjordane i vinter/vår, begge ved ekstraordinære uttak. Det er dokumentert ulv i Hyllestad- Fjaler området. Hyllestad kommune saman med Fjaler og Høyanger kommune har teke på seg ansvaret for administrering av skadefellingslag.

Ved mistanke om tap grunna freda rovdyr

Dersom de ser eller finn spor etter freda rovdyr, oppmodar vi om at de melder frå til Statens naturoppsyn (SNO) eller legg observasjonane inn i Skandobs så snart som mogleg. Dette er viktig for å legge grunnlag for ei best mogeleg forvaltning av freda rovvilt. Dersom det er mistanke om tap av dyr grunna freda rovvilt er det viktig med dokumentasjon, både for å få sett i verk tiltak og for å kunna sikre erstatning ved tap. Ved funn av kadaver der freda rovvilt kan vere skadegjerar, er det eit krav om at SNO blir varsla dersom ein skal krevje erstatning.

Hugseliste ved funn av kadaver:

- La kadaveret liggja mest mogeleg urørt
- Ta bilde av kadaveret
- Dekk til kadaveret med plast, stein, busker eller liknande slik at åtseletarar ikkje kjem til
- Merk funnstaden så den er lett å finna att, bruk eventuelt GPS
- Meld i frå til SNO så snart som mogleg
- I sekken: Mobil, fotoapparat, søppelsekk til tildekking av kadaver, kniv og lange eingongshanskar

Roviltkontaktane i Sogn og Fjordane:

Nordfjord:	Sverre Sæten	mob: 404 48 216
Sunnfjord:	Finn Olav Myhren	mob: 468 98 112
Sogn:	Aina Elise Stokkenes	mob: 416 24 301
Sogn:	Håkon Øydvinn	mob: 995 67 650

Roviltkontaktane i Hordaland:

Hardanger m. omland	Harald N. Andersen	mob: 902 13 685
Sør i Hordaland	Andreas Dunkley	mob: 480 25 444
Ytre Hordaland	Hartvig Haugen	mob: 970 13 594
Nordhordaland	Ingmar Slettemark	mob: 957 09 271

Regionansvarleg: Rein Arne Golf mob: 480 94 364

Vi vil oppmode om at de formidlar namn og telefonnummer på dykkar roviltkontakt + råda kring tap grunna freda roverdyr over til medlemmane i dykkar beitelag.

Forvaltningsansvaret for freda rovvilt i region 1 ligg til rovviltnemnda. Leiar for nemnda er Aleksander Øren Heen frå Årdal, tlf. 911 34 842. I tillegg er Helen Hjertaas frå Vågsøy med i nemnda.

Skadefellingsløyve

Skadefelling er eit verkemiddel i akutte skadesituasjonar. Fylkesmannen gir fellingsløyve innanfor kvoter som er fastsett av rovviltnemnda i regionen. Vedtak om skadefelling er frikopla frå grunneigarretten. Dersom SNO dokumenterer tap grunna freda rovdyr ved kadaverfunn, kan de søke Fylkesmannen om skadefellingsløyve. Kontaktperson er *Hermund Mjelstad*, fmsfhm@fylkesmannen.no, mobil 481 43 095 og *Rune Mikkelsen*, fmhorjm@fylkesmannen.no, tlf: 55 572181. I ferietida om sommaren (juli-august) blir det lagt ut kven som er ansvarleg kontaktperson på heimesida til Fylkesmannen.

Beitelag eller kommunen kan søke om skadefellingsløyve. Søknaden bør innehalde:

- Kven søker og for kva område
- Kartfesta informasjon om kadaver: tal kadaver totalt, tal undersøkt av SNO, sakna dyr
- Tidsrom for tap eller skade
- Tal saueeigarar og tal dyr på beite i området

Vi oppmodar om at beitelaget tek kontakt med kommunen for hjelp i ein skadesituasjon.

Skandobs

Skandobs <http://www.skandobs.no/> er eit felles skandinavisk rapporteringssystem for store rovdyr. Dette er ein database der det er mogleg for alle å registrere observasjonar av spor og dyr. Observasjonane vert tilgjengeleg for alle utan forseinking. Observasjonane som kjem inn her vert også meldt vidare til SNO. Vi oppmodar næringa til å ta i bruk dette verktøyet for å få best mogleg oversikt. Rapporteringssystemet er enkelt i bruk, ein må registrere seg som rapportør før ein får legge inn opplysningar.

Oppdatering av opplysningar i beitelaget



For å få oversyn over tap av dyr på beite er vi heilt avhengige av at dei rundt 200 beitelaga i Hordaland og Sogn og Fjordane rapportetar inn tal til Fylkesmannen. I tillegg til denne rapporteringa gjer beitelaga ein viktig jobb for å få ned tap av dyr på beite og bidreg til eit godt fagmiljø. Dei fleste laga syner elles gjennom i årsmeldingane at de arbeider godt, og det er mange lag med stor aktivitet.

Når vi sender ut brev til beitelaga nyttar vi adressa som er registrert i enhetsregisteret (i Brønnøysund), så hugs å oppdatere den når det er endringar. Dei fleste beitelaga har meldt inn ei e-postadresse på ein kontaktperson for sitt lag til oss. Vi ber om at de i tillegg melder inn endringar til oss, slik at desse e-postadressene til ei kvar tid er oppdaterte.

Det vart ikkje gjennomført generelle møterunde for beitelaga i vår, men desse møta er viktige for kontakten mellom forvaltninga og næringa og vi vil ha møte om vi har aktuelle tema.

Fylkesmannen ynskjer ein god dialog med næringa om utfordringar og behov. Ta gjerne kontakt med oss om de har innspel.

Lukke til med arbeidet ute i laga og med beitesesongen!

Med helsing

Hermund Mjelstad
seniorrådgjevar

Randi Erdal
seniorrådgjevar

Rune Mikkelsen
Seniorrådgjevar

Kari Elsa Des Bouvrie
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- Rapportskjema for beitesesongen 2019

Kopi pr e-post

- Kommunane i Sogn og Fjordane
- Kommunane i Hordaland
- Sogn og Fjordane sau og geit
- Hordaland sau og geit
- Sogn og Fjordane Bondelag
- Hordaland Bondelag
- Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag
- Hordaland Bone- og småbrukarlag
- Mattilsynet Sør- Vest
- SNO v/regionansvarleg